

NÅ GÅR GARDSGUTTEN DER UTE MED NEVENE I BUKSELOMMA IGJEN! HAR DU IKKE NOE ARBEID TIL 'N, SÅ MÅ DU NATURLIGVIS LA 'N SLUTTE!



MANGE PLAGER HAR JEG HATT, MEN IKKE MAKEN TIL DENNA. DET FINNS JO IKKE DET BØSS Å GJØRA HER!



JEG FORSTÅR IKKE HVA JEG SKULLE HIT OG GJØRA. MEN KANSJE HAN HAR EN JOBB PÅ LUR TIL MEG--




JA, SOM SAGT HAN HAR KANSKJE BRUK FOR MEG SENERE ELLERS HADDE HAN VEL SAGT MEG OPP-- JEG TRUR FORRESTEN JEG SPØRR 'N OM DET IKKE SNART BLIR NOE Å GJØRE--




NÅ FÅR DU GÅ UT OG GI DRENGEN AVSKJED MED EN GANG!!



JASA, DU HAR SLATT DEG NED HER SIVERT



OM DU SKAL FÅ SPARKEN, MENER DU? Å NEI DA! VÆR IKKE REDD FOR DET, SIVERT. DET HAR JEG IKKE TENKT PÅ--




NEI, JEG KUNNE IKKE SI 'N OPP! HAN LOT MEG FORSTÅ AT 'N VAR REDD FOR AT HAN SKULLE FÅ SPARKEN, SÅ JEG SYNTES SYND PÅ 'N.



MENER HAN AT 'N SKAL GÅ HER, OG HA GODE DAGER ALL SIN TID, DEN LATHUNDEN, ELLER HVA MENER 'N?



NEI, DETTE KAN IKKE GÅ LENGER. JEG GÅR UT OG SIER 'N OPP SJEL!



JA, DETTE HER VAR UNDERLIGE FOLK... ENDA DEM IKKE HAR NOE ARBEID TIL MEG, SÅ VIL DE HA MEG GÅENDE ITER--



DE KAN VEL IKKE MENE AT DE SKAL GÅ HER--



AT JEG SKAL GÅ MIN VEI, MENER DE, FRUB? Å NEI, DA, JEG SKAL SÅ GJERNE BLI HER, JEG

Nr. 27
40 øre



I dette nr.: Ola Setrom: HANS SELAND

Johan Simensen — Andreas Eriksen — Gunnar Frøishagen — Simon Nes — Asbjørn Johansen.

AV INNHOLDET:

HANS SELAND

Av Ola Setrom.

STEVNEMØTE I MØR-
KET

Av Johan Simensen.

PIKE PÅ SVABERG

Av Fritz Ruzicka.

FJELLET

Av Andreas Eriksen.

DET MUNTRE NORGE

RØPELS

Av Gunnar Frøishagen.

KVAR ER BROR DIN?

Av Simon Nes.

AUTOGENBRENNER

Av Leif Kristansen.

«FERDAMINNE»

Av Asbjørn Johansen.

GERHART HAUPT-
MANN

GJEMTE DRØMMER

Av Bjørn Rongen.

FORSIDEN

Kåre Espolin Johnson.

ORDET:

Et lite brød av verdens
overflod —
en egen rede for den
trette fot,
som ingens herre og som
ingens trelle —
hvem dette times, ham
er verden god!

Omar Khajjam

OLA SETROM:


Det har ofte vorte sagt at nordmennene ikkje nett har større sans for humor. Det har vorte sagt så tidt at vi kanskje litt etter litt kom til å tru på det sjølv, og så kom vi smått om smått inn i den innbillninga at vi berre er alvorlege og sturske, med liten eller ingen sans for det løgne i verda. Men den som kjenner litt til det norske folket i dei ymse bygdelag, vil straks protestere og seie at ingor tru er meir ravgali enn denne. Kwart land har sin humor, og eg trur at vi skal bli samde heller snøgt om den tingen at straks du er komen så langt at du kan goutere landsens humor-måte, er du alt komen lenger i forståing av sjølve folkesjela enn du sjølv anar. Da tek du verkeleg til å kjenne dei finaste nyangane både i mål, karakter og folkelyne.

Dette gjeld så visst ikkje berre land og land og folk og folk i millom — det gjeld like så visst dei norske bygdelag i millom. Dei skilde dalføra og landsdelane våre har kvar for seg skapt sin eigen humor, sin eigen løgne seie- og forteljemåte som er velkjend for alle dei som har litt sans for denne sida av norsk åndsliv.

Dette er elles eit spørsmål for seg som det er heilt umogleg å koma inn på i denne samanhengen. Det lyt berre vera nok å peike på «Det muntre Norge i dialekter» her i Magasinet. Har ein interesse av å sjå på dei humoristiske utslaga reint folkloristisk, vil ein der finne eit toleg godt grunnmateriale å arbeide med. Det kan óg vera grunn til å nemne alle dei populære trønder-skrønene. Dei er sjølv sagt med meir eller mindre rett kartlagde til Trøndelag, men dei er her i landet vorte kjende som noko for seg — på same måten som alle gnarskrønene som blir kasta i haug og kalla skotteskrønor ute i den store verda. Sanninga er iallfall at vi verkeleg har ein trøndermåte, ein sørlands-måte, ein vestlandsmåte å seie den løgne sanninga på. Dei skil seg mykje ut frå kvarandre, men å koma inn på karakteristikken i full djupn og breidde vilde bli rein vetskap og ikkje nokor rett stutt utgreiing.

Ein kan og peike på Martin Kvænnavika for Trøndelag, Adolf Skramstad for Austlandet og Per Sivle for Vestlandet som fullgode eksponentar for kvar sitt landskaps-lynde. Elles leitar ein gjennom litteraturen og finn den folkelege humoren både her og der, men vi finn ikkje humoristen av det store formatet — slik som t. d. Albert Engström var det for Sverige. Ein type som Bør Børson held eg det likevel rimeleg at vi kan leite gjennom alle land etter utan å finne maken til, men han er meir eit uttrykk for ein tidsepoke enn for ein viss nasjonal eller lokal mentalitet. Frå eldre og nyare bokavl kan vi peike på Jens Tvedt og Olav Duun. Her blenkjer det ofte på godluna, den utspekulerte vondskapen ter seg i skjerande kvasse replikkar — og det er heller ikkje vanskeleg å finne sjølvvironien i si mest vaskeekte form, enda det er vorte eit ord at vi nordmenn helst av alt vil gå rundt og ta oss sjølve høgtidelege.

At folket sjølv har sin eigen ans og sans for humoren, for anekdoten, eller skrøna dei kallar, det veit alle som ein gong har fått den æra å gje «ei god ei» til beste i lugumt lag. Ho feilar aldri verknaden — den sure blir søt, den sturne blir glad og blid som ei fele. Å, det har vore berga mang ein vanskeleg



Utsyn fra Bakkehuset over Selura og Hidreheia i bakgrunnen tilv.

EIN NORSK HUMORIST
Hans Seland

situasjon med ei skrøne her i landet! Og det er ikkje noko rart, for når det gjeld djupne og livsvisdom, kan skrøna ha eit innhald som mæler seg med det beste i Salomos visdom.

Humoren er beint fram ei nådegåve. Men ikkje



alle som eig humor kan laga ei god skrøne, og enda færre er det som kan fortelje den gode skrøna slik at det fengjer hjå åhøyrarane. Det skal det eit serleg lag til. Sume meiner at det har noko med skoospelartalent å gjera, og gjerne det. Men eg trur heller at det er noko med den ekte tonen, noko med sjølve hjartelaget hjå den som fortel. — Hans Seland held eg for ein av våre aller største humoristar. Først fordi han sjølv eig den humoristiske sansen i fullt mål, og fordi han kan sette samene ein god stubb og fortelje han på sin geniale måte som knapt nokon kan kopiere — og sist, men ikkje minst, fordi han er den einaste, trur eg, som gjennom meir enn femti år har hatt heile Noreg og halve Amerika til publikum.

Seland hadde i fjor femtiårs-jubileum som bokmann og fylte no i vår sine femogsjutti. Produksjonen hans, reint litterært, er så stor at han i seg sjølv er all vyrndnad verd. Han var av dei som var med og la grunnen og heldt nynorsk bokavl oppe i ei vanskeleg tid. Og dette grunnleggjingsarbeidet, bygd på



Det nye Bakkehuset (tilv.) og gamletunet (tilh.).




I slåtten.

rein idealisme, er det vanskeleg å verdsette for høgt.

Han hadde som kunstnar og bokmann ei dubbel oppgåve minst. Først vilde han på sant realistisk grunnlag skildre bonden for oss i helg og kvardag. Det har han gjort på sin kjende logne, sannferdelege måte. Dinæst vilde han vera med og vekkje det norske folket til meir nasjonalt medvet når det galdt mål og skikk og politikk. Men fram for alt såg han det som ei stor oppgåve å hjelpe til med å binde ungdommen til heimlandet, lære dei å forstå at nett her låg framtida for han. Ikkje så at han preika. Han var for mykje sann kunstnar til det. Men bøkene hans synte fram bondelivet slik at ein måtte få vyrdnad og kjærleik for desse stille i landet og deira arbeid. Dei tok garden og den nedervrde tradisjonen og bar alt vidare inn i framtida. Det var ikkje alltid berre idyllen, og Hans Seland har ikkje rosemåla korkje yrket eller folket sitt — men han har på den andre sida ikkje set det berre svart i svart heller. Snøggast er det å seie at han har set det sant, med sol og skugge. Men alltid slik at ein kjende hans intime kjennskap til emnet og hans varme hjartelag stråle ut frå dei menneske han gav oss gjennom si diktning.

Det er vorte sagt at ei bok av Seland har gjort

På «Simonskyrkje». Hans Seland med dotter Åsta og 2 barnebarn.



meir for å knyte ungdommen til jorda enn om det vart halde tusen agitasjonsforedrag i same leia! Seland seier sjølv ein stad at kunstnaren har ansvar! Vi må sanne det. Kunstnaren er suveren — men han har ansvar og, så langt som han berre sjølv skjønar det.

Og enda det ikkje er kronologisk rett av meg, og enda Seland sjølv gong på gong har sagt at han alltid er realisten (enda eg knapt trur han var serleg oppglødd for den reine naturalismen som var skriket i hans første bokmannstid), vil eg ta med her kva han seier om ei av bøkene sine, «Høgsumar». Det gjev ein glytt inn i hans eigne tankar om kva ein bør kreve av sann realistisk diktning, og dertil syner det at han ikkje var redd å gå sin eigen veg, om det så og var noko på tvert av moderetninga:


— Eg hadde lenge set meg harm på bøkene som vart skrivne. Du kunde mest ikkje opna ei, utan ho fortalde om hor og ekteskapsbrot og viljevalne vrak. Eg kom i hug: um nokon ein gong i framtidi vilde granska og døma vår tid etter bokavlen, slik som Troels Lund hev lagt fram livet i Norden på 15-hundradtalet, kva måtte han tru? Så fortalde eg likso godt om eit av dei ærlege mynsterekteskap eg kjende so mange av.

Og når vi i vår tid les desse orda, rukkar vi truleg på nasen og seier på lag det same som Pilatus sa om sanninga: Mønsterekteskap, kvar finn vi dei, og kva er det? Boka er ein idyll. Men ingen kan koma og seie at han er usann. Utover landet finn ein lettare slike ekteskapsidyllar enn ekteskaps-helvete! Hadde alt vore så reint borti staur og veggjer, vilde vel Garborg ha sagt frå, trur eg. Han var da vel realist og naturalist god nok. Men han seier i meldinga si i «Den 17. Mai» mill. a.:

— Ein les i undring og vågar ikkje rett å tru, — det vonde må no vel koma, tenkjer ein, og snu allting om so hinmannen fær sitt. Og ein les og les og er med og er glad so lenge godt varer og sky-

nar mindre og mindre kvar det vonde skal koma frå — —

Dette var i 1903. Seland fekk elles på haugevis med takkebrev frå ukjend ungdom landet rundt. Dei elska boka, las boka, og lova både seg sjølv og diktaren at eit slikt samliv vilde dei av all makt freista å leva. Så kritikken var god. Både hjå dei kresne realistiske kritikarane og hjå publikum. Men det som all mest skal overtyde oss om at det store publikum,



Ei freda stund.

ungdomen i landet, lika boka, er den tingen at ho i 1923 kom i tredje opplaget. Og når det gjeld bøker, og iser nynorske bøker, må ein vera samd med honom som sa at tre opplag på tjuge år er betre enn tjuge opplag på eitt år. Det provar at boka og tankane har livsens rett, og vinn seg med tida.


No vil eg seie først at ingen kan sjå bort frå det Seland gjeve oss i det som eg vil kalle hans verkelege litterære arbeid. Men likevel trur eg at det er humoristen Seland som er vorten mest kjend ute millom folket. At han tidleg had-

de eit ope auge for det løglege, det komiske, det ironiske, er heilt visst. Det er mange slike utover landet. Men han vart den som skulde gje så mange, mange med seg av dette humoristiske godlunet!

Kva tid han først tok til å fortelje, skal eg ikkje seie så visst, men det var truleg svært tidleg. Han seier sjølv i boka si, «År og Dagar», at på Moen fekk han øve seg i kunsten å fortelje. Da var han i 23-årsalderen, og han hadde nok «debutert» lenge før, tenkjer eg. Men vi kjenner alle til at det går ei og onnor skrøne på Moen!

Den som vil sjå «Hikstoriane» hans på prent, kan få tak i dei to samlingane av skjemtesogor, så vil han iallfall, om han enn er aldri så stursk, måtta dra på smilebandet. Og ein må forundre seg over kvar det norske folket har vore som ikkje har lese desse meir enn tilfellet er. «Bygdefolk» som er den eldste samlinga (rett nok var det prenta nokre samlingar føre denne, men dei er utselde!), og første gongen kom ut i 1907, er ikkje kome i meir enn eitt. Vi har på tusenvis av lag, av ymse slag, og det er skort på stykke til opplesing, og iser skjemt, som både unge og gamle oftast helst vil ha til tidtrøyte. Ja, her er opplesingsstykke, men det ser ikkje ut til at folk har håtta større på dei enda.

Likevel vil eg seie: Ein ting er dei skrevne sogone til Hans Seland, men ein annan ting er å høyre honom sjølv fortelje dei! Det er dei same sogone, sant og visst



JA, JA, — SÅ TA GUTEN DÅ!
SA KONGEN TIL DOTTER SI.

SELAND FORTELLER EVENTYR PÅ EN FOLKEFEST PÅ BJERGSTED I STAVANGER EN 7DE JUNI FOR MANGE ÅR SIDEN.

Restan.




— HÆ, — DET VAR AV HJERTA
"DET"! SA FANDEN, "KOM
SÅ MED MEG!

(FANDEN OG FUTEN)

Hans og Serena Seland og yngste dotter Brynhild.





Sonen Sigmund Seland, gartner med to barn.



Ei dotterdatter, Målfrid Anne, i Ørstavik.



Bryllup på Seland. Hans og Serena i forgr. tilv.

— og likevel er dei straks noko heilt anna når dei kjem or hans munn. Han er *forteljaren*, den fødte forteljaren, og det er hardt å tru at det i Noregs land har funnest eller finst hans make! Og det skulde ikkje seie så lite i eit land der forteljinga har vorte drivi opp til den høgste kunst gjennom aldri så lange tider. Rett nok gjeld dette skjemtoga. Men eg kunde tenkje meg at det ingen ting var i vegen for at han fortalde vanleg soge og på den same logne, truverdige måten sin, og drev det like langt der.

Kva som er djupaste løyndomen ved Selands forteljekunst er ikkje så beint å seie. Det er noko han har *for seg sjølv* og *i seg sjølv*. Det er ikkje faktene, for det røyner han så lite i det ytre. Kanskje er det augo. Dei driv eit forunderleg spel under forteljinga. Men han står der logn og roleg og fortel, og det er mest som han vil gje høyraren den tokken at dette eg fer med, er ikkje noko — men vil du høyre, kan gjerne eg svalle ei stund, vi har slikt å gjera.

Så står han der og fortel, roleg, endeframt, ofte utan så mykje som ein smil — og gjer i det store og heile lite eller ingen ting for å understreke poenget. Ser du det sjølv, så er det bra, og ser du det ikkje, så blir det di sak. Det underlege er berre at dei all fleste ser det. Og det tykkjer eg er det største ved heile kunsten at han fær folk til å ta poenget utan å bruke alt for tjukk peikefinger! Og har han først fått publikum på låtten, så er det ofte nok at dei berre fær sjå forteljaren sidan — enda det slik i det ytre ikkje er det minste låteleg ved Hans Seland.

På ei ungdomsstemme var han og fortalde. Mill. a. den klassiske «Hjå kongen». Jubelen og låtten tok til berre som små-knitling her og der bortetter benkjene. Men den velsigna basilla som ber låtten med seg, fengde meir og meir, stemninga steig, det vart reine orkanen til slutt. Sume fekk så vondt at dei laut halde på seg og ynke seg, andre sat berre og turka tårone, og sume fall verkeleg ned millom benkjene. Endatil dei som var så langt unda at dei ikkje kunde høyre eit halvkløyvd ord av det som vart sagt, lo som dei var galne. Eg trur at av heile flokken var det berre Hans Seland sjølv som ikkje lo. Han var alvorsmann —

Nå ja. Soga tok da ende, og fagninga med. Folk samla seg samen att, la andletet i høgtidelege rukkor att, såg på kvarandre og hugsa kor galne dei



hadde vore for nokre sekund sidan, og laut i låtten att. Men da dei hadde fått tenkt seg om, vilde dei ha meir. Og Seland kom inn på nytt, stod der høg og alvorleg og skulde samle seg til neste åtaket. Da bar det laust med lått på nytt — før han fekk opne munnen. Og låtten fengde. Og vilde aldri slutte. Da han endeleg fekk ein liten glytt så han kunde smette inn eit ord, sa han: — Kjære, anten fær no *de* slutta, eller så må *eg* slutta!

Dette var på ei ungdomsstemme. Men Seland har fortald på hundrevis av stemnor, og det har vore sameleis alle stader. Han har vore i tusenvis av ungdomslag, og det har vore på same viset i bygd etter bygd. Dei kom att frå stemnone og spurde: «Har du høyrte Hans Seland?» Og svara du nei, såg dei på deg som om du var ein heimfødning og morka-kop som absolutt ingen ting hadde høyrte eller sett her i verda. No kunde vel dette vera å ta munnen for full. Men det er sant, rett som det er, fell denne tanken meg inn og: Stakkars all den ungdomen som veks opp no og ikkje fær høyre Hans Seland! Ja, eg vilde ynskje honom eveleg ungdom, så han kunde reise rundt i landet og kveikje oss opp i ei tung tid med sogone sine. Eg er viss om at han kom til å skapa nye. For eg trur nok at det endatil i ei alvorleg tid som vår, finst eitt og anna å le åt!

Henrik Klausen karakteristere elles Selands forteljemåte med desse orda:

«De har funnet den ekte norske fortellekunst. Og den er stikk i mot hva vi har lært. Vi lærte at man skal forberede poenget så publikum sitter og gleder seg: nu — nu kommer det snart noe! De går den motsatte veg. Når De nærmer Dem poenget, blir De mer og mer nonchalant og likesæl, trefferen kommer som om De ikke hadde anelse om at *den* var morsom. Og publikum sitter og ler *etterpå!* Men det er den riktige måten. Den norske måten!»

Eg trur det skal vera vandt å seie dette betre enn Klausen her har gjort det. Og det var ikkje berre han, men dei fleste av dei store skoespelarane rundt hundreårsskiftet var mykje samen med Seland, sume kunde sitte og høyre på fortelnaden hans kveld etter kveld. Dei lærde av honom, og hadde den største vyrndnad for honom.

Han har elles sin eigen måte å byggje sogone opp på óg. Det er lett å sjå om ein berre studerar skjemtøkene hans. Sogone er ikkje lausrivne vitsar eller anekdoter. Han kan den merkelege kunsten å knyte dei samen med få ord så det blir eit heile. I så måte minner han ikkje lite om Mark Twain, og likevel blir det ikkje nåme nær same måten.

Kor mange forteljeferder han har gjort, eller kor mange forteljekveldar han har halde i si tid, her i landet og borte i Amerika, trur eg knapt han veit

(Fortsatt side 44.)

Hans Seland og frue utanfor Bakkehuset.



tal på sjølv ein gong. Men det er mange. Og Seland reiste ikkje landet rundt berre for å tene pengar. Det skal vera sagt straks, enda dei fleste veit det før, at han samla ikkje mammon i tynnevis på det. Vinninga gjekk ofte oppatt i spinninga. Men det var for honom ein missjon, reint og beint.

Sjølvsagt såg han så stort på sine «seiande segner» at han visste det låg ei sanningskjerne i dei som hadde stor nok eigenverdi i seg sjølv. Sjølv-sagt såg han noko som eg trur ikkje er gått opp for så svært mange: At saga, skrøna, vitsen — eller kva namn vi no vil gje dei — er *folkedikting* oftast, og det av reinaste vatn. Det er eit konsentrat av folkets vetløgje og klåraste intelligens! Ein kan sjå på det som «blot til Lyst» — men det er langt frå at ein dermed har set nærmons nær alt.

Men Seland har sikkert ein annan tanke óg: Han vilde gje folket i byar og bygder kjennskap til landsmålet, stille dei andlet til andlet med det, sjel til sjel med det. Først da kunde dei avgjera om dei forstod det eller ikkje.

Den tida var det god tone, ikkje berre i byane, men utover landet óg, ikkje å skjønne «det såkaldte landsmål». Det var god tone for alt som vilde kalle seg intelligens å seie at det var eit «uforståelig og kunstigt sprog». Nåja, den tida vart det meir og meir slutt med, og Seland har nok ikkje så liten del av æra for at det vart ein snunad.



Hvordan vil hun se ut om tyve år?

Det avhenger ikke minst av om hun kan holde de vakre tennene friske ved hjelp av en omhyggelig pleie. Men hun følger sin mors råd og pusser tennene morgen og aften grundig med Pebecco-tannpastaen, som utmerker sig ved sin tredobbelte virkning. Hun vet og passer på at man ikke bare må børste forsiden av tennene grundig for å fjerne alle matrester og alt belegg, men også tyggeflatene og baksiden. Og — infet under — hun er mektig stolt av sine hvite og blanke Pebecco-tenner.

PEBECO tannpasta

tredobbelt virkning: biologisk, mekanisk, kjemisk

Han var så djerv at han tok til med forteljekveldar i byane. Det var meir enn vågalt. Ein kan bli nervøs for fjaskoen endatil i dag når ein tenkjer på det! Men det vart ikkje fjasko. Det vart siger. Ikkje berre for honom personleg, men for det målet han bar i sin munn. Han tok Bergen, han tok sjølve Kristiania, han tok by for by i heile Noreg.

Folk møtte opp, dei skjønna han, dei lo og godta seg — blada óg let stort set berre vel. Dei trøysta seg berre med at dette var ikkje landsmål! Det var elles logisk nok: Ingen forstod landsmål — dette forstod dei — ergo var ikkje dette landsmål! Det er finare provføring enn endatil sjølve Erasmus Montanus kunde greie med sine velkjende syllogismer. Sume trøysta seg med at han tala dialekt. Javel. Det fall dei ikkje inn at det kunde vera like vanskeleg for ein trønder t. d. å forstå ein norsk dialekt frå nede ved Flekkefjord som å forstå ein nynorsk normal.

I 1903 fekk Seland sitt første forfatterstipend. Da hadde han vore diktar i omlag 12 år. Stipendet var på 1100 kroner, og sjølv om pengane hadde noko større verd den gongen enn no, var det likevel ikkje så stort at han kunde tenkje seg til nokor verdsreise just. Men Seland vilde til Amerika. Han var utdanna jordbruksmann, og sjølveigande bonde på sin odelsgard, og det var berre rimeleg at han hadde hug til å sjå jordbrukslandet Amerika. Der-til var han alt da kjend i mest kvar krik og krok i landet. Han visste om samspelet millom gamlandet og det nye, alle dei fine band som batt folk på bae sidor av havet samen. Dette måtte han sjå og røyne på første hand.

Om stipendet ikkje var so stort, vona venteleg Seland at han der over kunde stø seg ein grand på veg på forteljingane sine. Difor svarta han riksråd Wexelsen da han spurde om han verkeleg våga å reise til Amerika med så lite pengar: «Fer gjer eg — men eg skjønner at eg blir nøydd til å ta kjef-ten med!»

Og for gjorde han. Og gjorde stormande lukke millom landsmennene der borte. Han vart motteken alle stader med opne armar, og var beden til gjest hjå dei største alvorsmennene. Det kan ikkje nytte å koma inn på denne ferda, men eg skal berre nemne at han reiste 6—7000 mil med jarnvegen der borte, og hadde forteljekveldar i minst 70 byar. (Han gjorde elles ei ny ferd dit i 1925 som ut-sending frå Noregs Bondelag.)

No er det sagt at mange av dei største humoris-tane skal vera alt anna enn morosame heime. Dette høver ikkje på Seland. Han er den same både borte og heime. Sjølvsagt går han ikkje rundt og er vittig hund både i tid og utid — ein blir lei av berre ideleg laks og rømmegraut óg! Men han er alltid den logne, godmodige bjørnen som gjerne kjem

med eit alvorleg visdomsord i skjemtande form, og er elles som eit vanleg menneske — ein stø, klok norsk bonde. Og han er ikkje i beit for å svarta for seg. Eg skal herme eit par ting etter han:

Ein gong sat han i lag med Lars Eskeland og eit par andre vener på ei ungdomsstemme og fortalde om eit lite vidunder han hadde heime. Vidunderet var første barnet, nokre månader gamalt — og heitte Målfrid. Dei hadde sessa seg toleg nære talarstolen, og talaren råka til å vera av desse som skulde seie *alt* i eitt foredrag, og i slike tilfelle hender det at einkvan blir lei seg tilslutt. Det har hendt dei beste, det har hendt meg, sa mannen. Seland hadde vel mest hug til å gå, men dei sat slik til at dei kunde ikkje det heller for skam skuld. «Akk ja,» sukka Seland best han sat — «han må no vel ende-leg bli ferdig så eg kjem meg heim til Målfrid skal konfirmerast!»

Da han reiste til Amerika andre gongen, møtte dei eit stort isfjell ute ved New Foundlandsbankane. Ein vittig mann i ferdafylgjet slo frampå om at dei skulde okkupera denne øya og kalle ho Seland Island — etter største mannen som var om bord. Seland sjølv gjekk gjerne med på denne skjemten, og sa at når han fekk omrøme seg litt, vilde han gå i gang med ein isbjørnfarm der og leige ut jakt-rettar til milliardærene i New York. Så skulde han ha det sutelaust resten av sine levedagar! Ein truskyldig mann såg oppi augo på honom og spurde om han verkeleg trudde denne øya kunde halde seg i årevis. «Ho må vel alltid kunna halda seg når ho ligg i saltvatn!» svarta Seland.

Det er reint eventyrleg kva Seland har gjort, kva han har vunne å vera med på. Men ein vilde stå i stor fåre for å bli mistydd om ein sa at han hadde levd eit eventyrleg liv. For det har han ikkje. Han har vore bonde, og det har vore eventyret hans framom alt. Det har vore grunnåsen i livet hans.

Men han har attåt dette yrket skrive ein haug med bøker som har vorte ein kjær lesnad for så mange, mange i Noreg. Han har vore med i politikken. Han har halde på hundretal med politiske og faglege foredrag. Han har stridd ein mannsalder og vel så det for ein ulukkeleg bonde som alle no kjenner namnet på — Mikal Hetle. Det er all grunn til å bruke Bjørnsons ord på Seland: «Han levde mere enn han sang —»

Same kva han elles var, så var han alltid bonde. Den traustaste, lognaste, klokaste du kunde møte. Desse orda har serleg svive om humoristen. Det var stoff nok til artiklar om bonden, bokmannen, politikkareren, rettspolemikkareren Seland — og ikkje minst om *mennesket* Seland. Det er likevel det største — både bokstaveleg og biletleleg. Det at han har levd jorda og natura så nær gjennom heile sitt liv, trur eg har gjort mest til at han alltid og i alle leier har vore så sunn, har vore så sann — endatil dei gongene vi helst vil kalle han for ein stor skrønemakar.

TIL SKURING,
RENGJØRING
og HÅNDVASK



TOMTESKUR

Ingen krisevare.
Like god som før!

FABRIKKEN TOMTEN
SANDVIKA VED OSLO